



VOLDA KOMMUNE

Sektor helse og omsorg

Avdeling for forebygging, rehabilitering og legeteneste

Orientering THO om fastlegesituasjonen i Volda

Fastlegane har over lengre tid spelt inn eit **stort behov for ein ny fastlegeheimel**. Første registrering av dette behovet var allereie i **2010**. Behovet har vore spelt inn administrativt, i fleire budsjetttrunder, men blitt også stoppa då det har blitt vurdert at det er andre behov som er større.

No har rådmannen gitt eit mandat på å skrive ei eiga politisk sak. Situasjonen no er heilt prekær. Fastlegelistene har sprengt kapasitet og det er ventelister på enkelte legar. Det er pr i dag i følge helsenorge sine nettsider 54 ledige plassar.

17. januar- sende 6 legar frå legesenteret varsel om reduksjon på 50 pasientar kvar. Til saman 300 pasientar som blir effektuert i juli vi a helfo sine side.

Volda kommune og fastlegane har ein overordna legeavtale der det er nedfelt at alle legane skal ha minimum 1000 pasientar på si liste. Vi har 9 fastlegar, dvs at det er fastlegane i prinsipielt har 9000 ledige listeplassar. I Volda kommuna bur det pr i dag 9102 innbyggjarar. I tillegg har bygda om lag 4000 studentar.

Pr i dag har vi 9710 listeplassar fordi nokon av legane har auka sin kapasitet. Dette er før reduksjonen på 300.

Kvifor er det ein prekær situasjon?

Det er 3 forhold vi må ta i betraktning:

1. legane sin arbeidssituasjon og arbeidsbelastning,
2. kommunen sitt ansvar og
3. innbyggjarane sine rettigheter.

1. Legane:

- stor vaktbelastning- sårbart. 6 delt vakt ordning. Vaktfritak
- høgt arbeidspress- fleire og fleire oppgåver blir tillagt og pålagt legane. T.d samhandlingsreforma, forventningar til legane er høge knytt til deltaking i samarbeidsfora og team, frå alle partar. Pasientforløp.
- pålagt mykje dokumentasjons- og administrativt arbeid, går utover pasienttid
- mindre tid til kvar enkelt pasient
- ventetid på ledig time er ofte fleire veker, dette fører ofte til «misbruk» av legevakta
- frikjøp av kommuna til kommunale oppgåver som fører til mindre tid på listepasientane.
- arbeidsveker ofte opp i 50 timar, lite tid til fritid og familie.

2. Kommunen:

- Har eit ansvar; i følgje fastlegeforskrifta skal kommunen sørge for eit tilstrekkeleg antall legar i fastlegeordninga. Dette knytt opp imot bl. a det å ha eit reelt val av lege som innbyggjar.
- Pasient og brukarrettigheitsloven omtalar også retten den enkelte pasient skal ha til å bytte fastlege inntil 2x i året.
- Har tilplikta oppgåver på fleire av fastlegane pr i dag. : 30 % frikjøp knytt til helsestasjonen, 30 % til dagleg leiing av legesenteret, 5% til demensteam, 5% til minoritetsteam, 8% til ass. Smittevernslege, 10 % til sjukeheimen og 5 % til rettleiing turnuslege.
- Samla: **93% er frikjøp**, dvs nesten ei 100 stilling går vekk i kommunale oppgåver.
- Mål: innbyggjarane skal bu heime lengst muleg- krev emeir også av fastlegane

3. Innbyggjarane i Volda:

- Få bruke retten til å kunne velje fastlege og evt bytte ved behov.
- Få raskare time med fastlege (innan 1 veke.)
- Opplive seg sett og hørt både av kommune og lege.

Summen av dette gjer at det krevst handling knytt til denne situasjonen.

Tenker det er tidsspørsmål før dette kjem opp i media.

Proessen vidare i korte trekk:

- Dialogmøte med Hornindal komande måndag 19.mars-rådmann, ass. Rådmann, einingsleiar helseavdelinga, evt. legerepresentant Hornindal, kommuneoverlege Volda, dagleg leiar Volda legesenter, tillitsvalt DNL
- Brukarmedverknad (i veke 12-14): Høyringsrunde og involvering frå Eldrerådet, Ungdomsrådet, Rådet for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne, evt andre.
- Vidare sakshandsaming i dei politiske organa.